



Terje Nævdal  
Eidsnesvegen 19  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1512 - 17/34175

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
04.12.2017

## Vedkomande etablering av parkeringsplass - gbnr 212/15 Eikanger øvre

Administrasjonen har motteke bekymringsmelding vedkomande etablering av parkeringsplass på Dykkar eigedom.

### Søknadspliktig tiltak:

Mindre planering av tomta er normalt sett ikkje søknadspliktige.

Samstundes er det nokon særskilte vilkår;

- Tiltaket oppfyller alle relevante byggtekniske krav, slik som omsynet til miljø, grunnforhold og tryggleik
- Tiltaket må ikkje føre til meir enn 3,0 meters avvik frå opphavlege terrengnivå i spredtbygd strøk
- Endringar i terrenget må ikkje hindre sikten i frisktsonar mot veg

Vidare gjev vi merksam på at tomta ligg innafør 100 metersbelte mot sjø der det ligg eit særskilt vern og forbod mot bygging og terrengearbeid.

### Fare for forureining:

I innkomne bekymringsmelding går det fram at det ligg ei brønn på gbnr 212/43, og i kva grad fylling og etablering av parkeringsplass kan ha forureina brønnen.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgja for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgja for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Vi gjer merksam på at vi ikkje har teke stode til om planering og/eller fylling for etablering av parkeringsplass er eit søknadspliktig tiltak. Vidare har vi ikkje teke stode til om det forsaka forureining av eksisterande brønn på gbnr 212/43.

Vi ber i fyste omgang om avklaring av kva arbeid som er utført for etablering av parkeringsplass. Vidare ber vi om informasjon om det er utført arbeid som kan ha forsaka forureining av brønnen, eller om det er etablert forhold som kan føre til dette.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Vi ber om at informasjon om tiltaket vert sent inn så snart som mogeleg og innan **08.01.2018**.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anne Karin Eikanger Wallem

Garnesvegen 14 5260

INDRE ARNA

**Mottakarar:**

Terje Nævdal

Eidsnesvegen 19 5913

EIKANGERVÅG